



PETROLEUMSTILSYNET

Gassco AS
Postboks 93

5501 Haugesund

Vår sakshandsamar
Trond Sundby

Dykkar ref.
D-1000373845

Vår ref. (ved svar)
Ptil 2023/313/TES

Dato
21.09.2023

Samtykke til forlenga levetid for Statpipe gasstransportsystem

Vi viser til dykkar søknad 21. februar 2023 om samtykke til forlenga levetid for Statpipe røyrleidningssystem for gasstransport.

I medhald av forskrift om styring og opplysningsplikt i petroleumsverksemda og på enkelte landanlegg (styringsforskrifta) § 25 fjerde ledd bokstav d, blir det gjeve samtykke til forlenga levetid for Statpipe røyrleidningssystem for gasstransport til 2050:

- Statpipe P31/P32 (Statfjord B grensesnitt – Kårstø)
- Statpipe P33/P34 (Kårstø – Draupner S)
- Statpipe P35 (Heimdal – Draupner S)
- Statpipe P36/P39 (Draupner S – Emden Y-kopling).

Samtykket blir mellom anna gjeve på bakgrunn av dokumentasjonen som er sendt inn i forbindelse med søknaden og møter og tilsyn med dykk. Gassled som i dag er eigar av gasstransportsystemet, har ein konsesjonsperiode for drift til 31.12.2028. Det er ein føresetnad i samtykke til levetid at konsesjon for vidare drift av gasstransportsystemet i ei eller anna form etter 2028 blir vidareført.

Vi koordinerer handsaminga av søknaden om samtykke, sjå rettleiinga til styringsforskrifta § 26. I tråd med dette er søknaden lagd fram for Miljødirektoratet. Miljødirektoratet har opplyst at dei ikkje har kommentarar til at samtykke blir gjeve. Vedtaket til Direktoratet følgjer elles av eige brev.

Statpipe røyrleidningssystemet for gasstransport har ei rekke grensesnitt med ulik levetid. Det er grensesnitt opp mot eit pågåande prosjekt med omlaup av

Heimdalinnretningane der røyra vil bli samankopla på havbotn. Samtykke til modifikasjon ble gitt 22.05.2023 (vår referanse: 2022/1927) der Statpipe P35 er eit av røyra som koplast saman på havbotn.

Det kan klagast på vedtaket etter forvaltningslova § 28. Fristen er tre veker frå de mottek dette brevet. Ei eventuell klage skal sendast til oss. Nærare opplysningar om klageretten kan de få hjå oss.

Vedtaket skal gjerast kjend for arbeidstakarane sine tillitsvalde, mellom anna verneomboda, jf. arbeidsmiljølova § 18-6 åttande ledd.

Med helsing

Kjell Arild Anfinsen e.f.
tilsynsleiar

Trond Sundby
sjefingeniør

Dette brevet er godkjent elektronisk i Petroleumstilsynet og har derfor ingen signatur

Vedlegg: Uttale frå Miljødirektoratet